



## KONTROLLUTVALET - MELAND KOMMUNE

### Oppsummering av arbeidet i perioden 2015 - 2019

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i valperioden 2015 -2019.

I perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing:

<b>MEDLEMAR</b>	<b>VARAMEDLEMAR</b>
Kåre Skibenes - leiar	Helge Nygard – var for Skibenes
Lars Barstad - nestleiar	Birgit Phil – vara for Barstad
Øyvind Bratshaug	Dag Erik Hagesæter – vara for Bratshaug
Morten Klementsens	Tor Eugen Hansen – vara for Klementsens
Aslaug Aalen	Solbjørg Åmdal Sandvik – vara for Aalen
Anne Marie Skurtveit	Arnold Tveit – vara for Skurtveit
Rikke Slåtten Nordal	Torhild Stav Skare – vara for Nordal

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet kan i praksis sjå på alle saker og område i kommunen som kan definerast som kontroll eller tilsyn.

Utvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordfører for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

Kontrollutvalet sine møte er opne på lik linje med andre politiske møte.

I perioden utvalet hatt slik møteaktivitet

Tal møter				Tal saker			
2016	2017	2018	2019	2016	2017	2018	2019
5	5	5	5	44	54	44	51

Utvalet hadde også eit møte ved oppstart etter kommunevalet i 2015.

Stortinget vedtok 22. juni 2018 ei ny kommunelov. Mesteparten av den nye lova vert sett i kraft frå og med det konstituerande møte i kommunestyret, ved oppstart av valperioden 2019-2023.

Kontrollutvalet har fått informasjon om ny *Kontrollutvalgs- og Revisjonsforskrift* (fastsett 17. juni 2019). Den nye forskrifta vil tre i kraft for ny valperiode med ulike overgangsreglar for dei kommunane som slår seg saman 1. januar 2020.

### **Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

Kontrollutvalet starta sitt arbeid i perioden med å laga ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll.

Etter framlegg frå kontrollutvalet vedtok kommunestyret å prioritere følgjande plan om *forvaltningsrevisjon* for denne kommunestyreperioden i sak 37/2016:

- Barnevernstenesta i Meland kommune
- Helsetenesta for barn og ungdom i skulehelsetenesta
- Etikk – korleis arbeider kommunen med problemstillingane knytt til etikk og varsling i organisasjonen?
- Vedtaksoppfølging - har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgt opp?

Kontrollutvalet fekk fullmakt til å endre på prioriteringane og eventuelt velje andre prosjekt dersom det skulle bli meir aktuelt.

Plan for *selskapskontroll* vart vedteken av kommunestyret i sak 43/2016 . Det vart då vedteke å prioritere følgjande selskapskontroll:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Kontrollutvalet har følgt opp kommunestyret sine vedtak med gjennomføring av følgjande prosjekt i perioden:

#### ***Internkontroll og oppfølging av barn i fosterheim. Meland kommune 2016***

Prosjektrapport utarbeida av Nordhordland Revisjon IKS vart handsama i kontrollutvalet i møte 23.05.17, sak 23/17. Rapport med tilrådd oppfølging vart send til kommunestyret som handsama rapporten i møte 14.06.17 under sak 81/2017.

Kontrollutvalet følgde opp kommunestyret sitt vedtak i sak 81/2017 med ei orientering frå rådmannen i møte 01.02.2018.

Status for felles barnevern – oppfølging av forvaltningsrevisjonar, var også tema i fellesmøta for kontrollutvala den 02.11.2018 og 25.09.2019.

#### ***Vedtaksoppfølging, Meland kommune***

Kontrollutvalet vedtok i møte den 21.09.17 (sak 39/17) prosjektplan og oppstart.

Revisjonen sin prosjektrapport vart handsama av kontrollutvalet i møte den 19.04.2018. Rapport med tilråding frå kontrollutvalet vart sendt til kommunestyret som handsama rapporten i møte den 02.05.2018 (sak 027/18). Revisjonen sine tilrådingar vart føreslege følgd opp i eit felles prosjektarbeid for Alver kommune. I samsvar med kommunestyrevedtaket gav rådmannen i kommunestyremøte den 12.09.2018 ei orientering om korleis oppfølging av forvaltningsrapporten var gjennomført.

#### ***Helsetenesta til barn og unge, Meland kommune***

Kontrollutvalet godkjende i møte den 15.11.18 (sak 39/18) ein revidert prosjektplan og vedtok oppstart av dette forvaltningsprosjektet. Revisjonen gjennomførte prosjektet våren 2019. Revisjonen sin rapport vart handsama i kontrollutvalsmøte den 19.09.19 (sak 35/19). Rapport med tilråding frå kontrollutvalet er sendt til kommunestyret, som ikkje har handsama rapporten per no. Revisjonen sine tilrådingar vart føreslege følgd opp i eit felles prosjektarbeid for Alver kommune.

Rapporten vert derfor å følgje opp av det nye kontrollutvalet i Alver kommune.

I møte for kontrollutvala den 25.09.19 vart det gjeve ei orientering om felles prosjekt «*Betre læringsmiljø*» for barn og unge i Alver kommune.

### **Selskapskontroll - Meland Utbyggingsselskap AS**

Grunna samanslåing av kommunen utgår prosjektet for denne selskapskontrollen.

Utvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er derfor viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.

### **Revisjonen**

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert hovudsakeleg ivareteke av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Meland kommune har i perioden vore medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Nordhordland Revisjon IKS planlegg i løpet av hausten 2019 å slå seg saman med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og vil etablere *Vestlandsrevisjon IKS*. Meland kommune vil eventuelt då verte medeigar i det nye selskapet ut året. Revisjonen av årsrekneskapet for 2019 (siste avlagde årsrekneskap for Meland kommune) vil verte utført av Nordhordland Revisjon / *Vestlandsrevisjon IKS* våren 2020.

Kommunestyret sine vedtak i saker som gjeld val av revisjonsordning og val av revisor, skal treffast på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalet. Fellesnemnda vedtok i møte den 03.11.2018 at Alver kommune skal kjøpe alle revisjonstenester i marknaden. Kontrollutvala førebudde i 2019 sak om innkjøp av revisjonstenester og tilrådde val av revisor for Alver kommune.

Fellesnemnda vedtok i møte den 29.04.19 (sak 023/19): «*Fellesnemnda tildeler KPMG AS kontrakt for kjøp av revisjonstenester til Alver kommune. Kontraktperioden gjeld frå og med 01.01.2020 med ein tidsperiode på 3 år samt opsjon på eit år.*»

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har årleg lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen har vore tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering.

Den nye *Kontrollutvalgs- og Revisjonsforskrifta* vil medføre nokre endringar for revisjonen sine oppgåver og ansvar. Revisjonen skal mellom anna heretter også revidere og uttale seg om ulike tilhøve i årsmeldinga ved revisjon av årsrekneskapen frå og med 2020.

### **Sekretariatstenesta**

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretek sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i møte den 03.11.2018 å vidareføre eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

### **Kommunen sin økonomi og rekneskap**

Kontrollutvalet har årleg gjeve sin uttale til kommunen sitt rekneskap og årsmeldinga. I dei to første åra i perioden hadde kommunen positive driftsresultat, men kommunen har hatt strammare økonomi dei siste to åra. I uttalar til årsrekneskapa har kontrollutvalet peika på det er svært viktig at det er samsvar mellom budsjett og årsrekneskapa, og at det er god økonomistyring i kommunen.

Kontrollutvalet har i perioden årleg følgd opp revisjonen sine rapportar med merknader eller kommentarar til årsrekneskapa. Rådmann / økonomisjef har i løpet av 2. halvår gjeve ein status for arbeidet med oppfølging av avvik og merknader.

### **Kommunesamanslåing – Alver kommune**

I åra 2017, 2018 og 2019 har kontrollutvala i Lindås, Radøy og Meland hatt eit årleg felles møte med orienteringar om prosess og status for ulike prosjekt i samanslåinga.

I møta har følgjande tema vore tekne opp og orientert om:

- Orienteringar om fellesnemnda sitt arbeid
- Status for arbeidet med organisatorisk å etablere den nye kommunen
- Orienteringar om status for felles barnevern – oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Orientering om felles lønn- og rekneskapskontor
- Oppfølging av forvaltningsprosjekt – personvernopplysningar
- Status i kommunane sine planar for forvaltningsprosjekt / selskapskontrollar
- Orientering om felles prosjekt – «Betre læringsmiljø»
- Orientering om helse og omsorg
- Opplæringsbehov og budsjett 2020 – for kontrollutvalsarbeidet i Alver

Kontrollutvalet har i 2019 tilrådd framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i Alver kommune.

### **Andre saker som har vore handsama i perioden:**

- Kontrollutvalet - ansvar, oppgåver og organisering
- Orientering om verv til medlemmer i kontrollutvalet
- Orientering om rutinar for innkallingar, om møteportalen og tilgang til dokument på heimesida
- Orientering om HMS-arbeidet i Meland kommune
- Orientering om klagegangen i kommunen
- Orientering om medlemskap i Transparency International Norge
- Orientering om rutinar for ventelisteordning innanfor pleie og omsorg
- Orientering om tilsynsrapport; oppfølging av krav i opplæringslova kap. 9a om elevane sitt læringsmiljø

- Orientering om oppfølging av tilsynsrapport 2016: Helsetenester til vaksne med psykisk utviklingshemming
- Oppfølging av vedtak i kommunestyret vedkomande «Sak om flytting av Blom fiskeoppdrett»
- Orientering om tilsyn 2017: Samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Meland kommune
- Orientering om arbeid og rutinar for spesialundervisning i grunnskulen
- Orientering om status i høve behov og ventelister innan Pleie og omsorg
- Orientering om status vedkomande eigarstrategi for Meland kommune
- Orientering om ivaretaking av ulike kommunale roller ved byggesaker
- Orientering om Fylkesmannen sin tilsynsrapport: Tilsyn med introduksjonslova i Meland kommune 2017
- Orientering frå NAV / flyktningrådgjever om arbeidet etter gjennomført introduksjonsprogram
- Årleg orientering om økonomisk status i høve til budsjett
- Oppfølging av innspel frå einskildpersonar til saker i kontrollutvalet
- Årleg møteplan / årsplan for kontrollutvalet
- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### **Andre kommentarar**

Ved oppstart av perioden vart det arrangert lokale og regionale kurs som fleire kontrollutvalsmedlemar deltok på.

Kontrollutvalet har også vore representert på NKRF sine konferansar på Gardermoen og på folkevaldopplæringa for kontrollutval i Hordaland.

I 2018 og 2019 har leiar saman med leiarane i Radøy og Lindås delteke i ulike møte for førebuing av felles saker for Alver kommunen.

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere kommunen si verksemd. Kontrollutvalet er eit lovfesta og viktig utval i kommunen som bør ha dyktige medlemar. Det er derfor svært viktig at kontrollutvalet sin funksjon og rolle vert gjeven god plass i folkevaldopplæringa etter valet. Kontrollutvalet meiner det er viktig at det også vert sett av ressursar til naudsynleg deltaking i særskilte kurs og opplæring slik at kontrollutvalet best mogleg kan utføre sitt mandat.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen og kommunestyret i perioden som er gått.

Frekhaug, 05.12.2019

  
Kåre Skibenes, leiar

VEDLEGG:

**29/19 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden**

Saksopplysningar:

I møte den 11. april 2019 svarte dei 5 medlemmane som var til stades slik på utdelt spørjeskjema.

Der vart kryssa av for kvar av spørsmål nedanfor på ein scala frå frå 1- 6.

der 1 = lite/dårleg/uenig ..... 6 = mykje/svært bra/enig

<b>Møte og arbeid i kontrollutvalet</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>
Har du fått god nok opplæringa om KU sine oppgåver og mandat ?			1		1	3
Er dine forventningar til KU sitt arbeid innfridd?					2	3
Er sakene som vert drøfta i KU relevante for oppgåver og mandat som KU har ?				2	1	2
KU er kommunestyrets kontrollorgan – fyller ein den rolla?					1	4
Korleis fungerer arbeidet i KU, som eit kollegium ?					1	4
<b>Sekretariatet</b>						
Er sakene til møta i KU førebudd på ein tilfredstillande måte ?					2	3
Er vedtaka i KU tilfredstillande følgd opp av sekretariatet ?					2	3
<b>Revisjon</b>						
Er du nøgd med revisjonen sine rapportar og orienteringar ?					2	3
<b>Forvaltningsrevisjon</b>						
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte selskapskontrollar?					3	2
Korleis vurderer du nytten av gjennomførte forvaltningsprosjekt?					3	2
<b>Oppfølging av vedtak i administrasjon / kommunestyre</b>						
Har vedtaka i KU innverknad på administrasjonen si tenesteutøving?				2	1	2
Har vedtaka i KU innverknad på kommunestyret sine drøftingar/vedtak?				1	1	3
<b>Samarbeid med administrativ og politisk leiing</b>						
Vert rådmann /administrasjon for sjeldan kalla inn til møte i KU ?			1	1		3
Kor nøgd er du med administrasjonen sine orienteringar i KU ?				1	1	3
Ordførar har møte og talerett i KU – bør ordførar møte oftare ?		1		1		3
<b>Informasjon kontakt med innbyggjarane</b>						
Er innbyggjarane i kommunen kjend med kva KU si rolle er?		1		2	1	
Burde lokalavisene vore meir engasjert i KU sitt arbeid?				2		2

Resultat av eignevalueringa vert lagt fram til drøfting slik den føreligg.

Medlemmane vert også oppmoda om å reflektere over

- Eigne erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i denne kommunestyreperioden  
Kva har vore bra ? Kva bør endrast?
- Korleis leggje til rette for ei god opplæring av nytt kontrollutval
  - Felles tiltak i regi av sekretariat / revisjonen – tilrettelagt for KU
  - Deltaking i folkevaldsopplæringa
  - Ønskjeleg organisering av kurs
- Andre innspel/ framlegg

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert å drøfta utan framlegg til vedtak frå sekretariatet

**Samrøystes vedtak:**

Evalueringa vert å ta med i sluttrapporten frå perioden